

# BOKN BYGDEBLAD

Nr. 3 - mars 1987 årg. 2

## NY KOMMUNEPLAN FOR BOKN

**Skal setja opp mål for utviklinga i kommunen fram til århundreskiftet**

Bokn formannskap vedtok den 17. mars 1987 at det skal utarbeidast kommuneplan for Bokn. Konserntfirmaet Asplan har lagt fram eit utkast til arbeidsprogram og organisering av arbeidet.


Ei kommuneplangruppe, som består av rådmann, etatsjefane, næringskonsulenten, ordførar og ein konsulent frå Asplan skal m.a. styra kommuneplanarbeidet innafor dei rammene formannskapet har trekt opp.

Formannskapet skal vera kommuneplanutval, som m.a. inneber at ein gir rammene for arbeidet.

I følgje den nye plan- og bygningslova frå 1986 har kommunane plikt til å utarbeida kommuneplan.

Det som vil medføra store forandringar for befolkninga på Bokn, er spesielt fastlandssambandet som snart vil bli ein realitet. Mellom anna dette gjer det særleg viktig at befolkninga i kommunen får ta del i utforminga av kommuneplanen. Dette vil m.a. skje ved at ein vil gå ut med informasjon om arbeidet etter kvart som det går framover.

Det vil også bli arrangert møte der folk kan bli orientert og koma med meiningane sine. Det kan bli aktuelt å kontakta lag og foreningar for å få syns punkt på innhaldet i planen.



Kommuneplanen vil ha ein plan for utnytting av areala i kommunen i tida framover.

## NY KOMMUNEPLAN FOR BOKN . . . framhald

Kommuneplanen er som dokument oppdelt i ein langsiktig og ein kortsiktig del.

Den langsiktige delen som vil gå fram til århundreskiftet, vil ta føre seg

I) Langsiktige mål for utviklinga av kommunen som organisasjon, og

II) Den vil setja opp mål og retningslinjer for utvikling av kommunen som organisasjon, og

III) Ha einhovedplan for arealforvaltning.

For Bokn kommune hastar det nok mest med del I) og del III)

Når det gjeld den kortsiktige delen av kommuneplanen, skal denne innehalda:

IV) Handlingsprogram med langtidsbudsjett (4år).


V) Årsmeldingar med resultatvurderingar

Kommuneplangruppa har alt hatt eit førebuande møte, og vil framover våren og sommaren halda fram med arbeidsmøter. Det er meinингa å halda innbyggjarane orientert etter kvart som arbeidet går framover.

## PRESENTASJON AV LAG OG FORENINGAR I BOKN:

I DAG:

### BOKN VEVSTOVE



Det høver godt for Bokn vevstove med ein presentasjon av verksemda og historia si akkurat i desse dagar.

Me rundar våren 1987 det fyrste store runde året for verksemda vår.

Det er i desse dagar 10 år sidan me fyrste gongen kom saman på Kyrkjebygda skule for å prøve å få til drift av ei vevstove. Vevar hadde me då ikkje, men det viste seg at fleire av dei, som var med denne fyrste kvelden, hadde vevar sjølv og visste om fleire vevar rundt om på øya vår som dei trudde dei kunne få låne.

## Bokn Vevstove... framhald


Det var ikkje berre "god tru". Kort etter denne kvelden hadde me 12 vavar me kunne bruke, og det første vilkåret for å få dette til var oppfylt. Det er fleire ulike storleikar på vevane og me har difor hatt høve til å setje opp mange ulike vevnader.

I dei 10 åra som er gått sidan starten har det vore mange med interesse for vaving med i verksemda vår. Ei gruppe på ca 15 medlemer har vore med jamt over heile tida, men ved å gå gjennom medlemslistene for desse 10 åra, viser det seg at 50 "vevkjerringar" har vore innom for lengre og kortare periodar, og me veit det er mange meter filleryer, åklær, løparar, dukar og skjerf rundt om i heimane i Bokn som er blitt til i vevstova vår.

Akkurat nå er me i gang med oppussing av kjøkkenet på "Gamleskulen". Etter at den verste kulda var over etter jul, har me vore i gang med malarkosten på dei faste møtekeldane våre som er onsdagen. Målet vårt er å få lokalet i stand og vevane oppsett i vår og med det vere i god stand til ein aktiv haust.

Me er godt nøgde med dei nye lokala våre, det er lyst og triveleg på toppen av "Gamleskulen" både skap og hyller er det flust av, og det høver godt for oss med mykje spolar, nøster, hesplar og anna vevutstyr.

For deg som ikkje kjenner til korleis me driv til vanleg kan eg kort fortelje det slik: På dei faste møtekeldane våre diskuterer me ulike ting me vil veve, vel garn og fargar og får dette frå Husfliden. Deretter går det vidare arbeidet litt på omgang. Arbeidet med renning og oppsetjing krev litt erfaring, men det er mykje som sjølv nybegynnalar kan vere med på.




BOKN  
VEVSTOVE



Når det er klart for vaving set me ofte opp liste over kva rekkefølgje ein vil veve og kvar enkelt kan då gjere dette når det må passe, gjerne utanom den faste møtekeldelen. Me møter ikkje berre opp for å veve, men og for det sosiale samværet. Samtalane om mykje anna husflid og handarbeid har gitt kvar enkelt av oss mange gode idear. Kontingensten er kr. 100,- pr. år som me nyttar til faste utgifter som straum og til å ha høve til å ha eit lager av garn og evt. reparasjonar av vavar og utstyr.  
Me vil gjere kjent når me er komen i gong med arbeidet att, og då ynskjer me nye interesserte hjarteleg velkomne.

Med helsing Ingjerd Thuestad  
for Bokn vevstove

# Biblioteket,



TYSDAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>

## OPNINGSTIDER:

TORSdag: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>

tlf. 748465

NYE

## bøker for barn :

\* Helliesen, Gunnar:  
BENÅDET. 1986.

\* Ronge, Kari:  
Martin fyller fire. 1986.

\* Bonner, Jelena:  
ALENE SAMMEN. 1986.

\* Brænne, Trond:  
Adrian og broen. 1986.

\* Walle, Bjarne:  
INGER. 1986.

\* Sörlle, Steinar:  
Isnatt. Ungdomsbok. 1986.


\* TRIVSEL I HAGEN!  
Hageselskapet si grunnbok.

\* Mebs, Gudrun:  
Söndagsbarn. 1986.

\* Persson, Arnulf R.:  
SLIK DYRKER VI TOMATER.

DET ER  
FALT NÅR EIN IKKJE  
MAN LESE!

\* Markmann, Erika:  
BALLKONGBOKA. Alt om blomster,  
busker og grønnsaker på balkongen.



VAKTLISTE HEIMESJUKKEPIELEN - APRIL 1987

Man.30.mars Tir.31 Ons. 1.april Tor. 2 Fre. 3	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag:	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.16-08.
Lør. 4 Søn. 5	Gunn Grønnestad har vakt heile helga.	
Man. 6 Tir. 7 Ons. 8 Tor. 9 Fre.10	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Lør.11 Søn.12	Marie Faye har vakt heile helga.	
Man.13 Tir.14	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08
Ons.15	Else Nilssen har vakt frå kl.08-15/4 til kl.08 - 16/4	
Tor.16 Fre.17.	Marie Faye har vakt frå kl.08-16/4 til kl.08 - 18/4 .	
Lør.18 Søn.19 Man.20	Else Nilssen har vakt frå kl.08 - 18/4 til kl.08 - 21	
Tir.21 Ons.22 Tor.23 Fre.24	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Lør.25 Søn.26	Marie Faye har vakt heile helga	
Man.27 Tir.28 Ons.29 Tor.30 Fre.1.mai	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.16-08.

På tirsdagane på dagtid utfører heimesjukepleien berre **faste** pleieoppdrag. Andre som treng hjelp denne dagen kontaktar legekontoret tlf.: 74 84 65.

Dr. Aune er desse tirsdagane på kontoret 2, 7, 21 og 28. april. Ikkje doktordag 14. april  
\*\*\*\*\* Turnuskandidaten kjem 2. og siste fredag i kvar månad. I april 10 og 24.

\*\*\*\*\*  
FOTPLEIE.  
\*\*\*\*\*  
Det vert fotpleie onsdag 8.april  
Påmelding til sosialkontoret som  
vanleg.

4 TELEFONAR:

ELSE NILSEN	74 83 38
GUNN GR. STAD	74 85 93
MARIE FAYE	74 84 55
LEGEKONTORET	74 84 65

Man.30.mars Tir.31 Ons. 1.april Tor. 2 Fre. 3	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag:	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.16-08.
Lør. 4 Søn. 5	Gunn Grønnestad har vakt heile helga.	
Man. 6 Tir. 7 Ons. 8 Tor. 9 Fre.10	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Lør.11 Søn.12	Marie Faye har vakt heile helga.	
Man.13 Tir.14	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08
Ons.15	Else Nilssen har vakt frå kl.08-15/4 til kl.08 - 16/4	
Tor.16 Fre.17.	Marie Faye har vakt frå kl.08-16/4 til kl.08 - 18/4	
Lør.18 Søn.19 Man.20	Else Nilssen har vakt frå kl.08 - 18/4 til kl.08 - 21	
Tir.21 Ons.22 Tor.23 Fre.24	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Lør.25 Søn.26	Marie Faye har vakt heile helga	
Man.27 Tir.28 Ons.29 Tor.30 Fre.1-mai	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.16-08.

NAMN \_\_\_\_\_

ADRESSE \_\_\_\_\_

## ARRANGEMENT

### I APRIL

3., 4. og 5. april Utstilling av brukskunst i diskoteklokalet, Kyrkjebrygd skule. Arr: Kulturstyret og Vevstova. Sjå omtale annan stad i bladet + oppslag

10. og 11. april: Idrettslaget har dansekurs på Bokn skule. Sjå omtale annan stad i bladet.

14. april: Kino på Bokn skule.

23. april: Sjømannsmisjonen har basar på Bokn skule.

25. april: Dans på Bokn skule. Arr: Bokn Brass.

27. april: Kino på Bokn skule.

Diskoteket : 11. april og 16. april (Skjærtorsdag).

## KOM OG DANS

Bokn idrettslag inviterer til nybegynnerkurs i samba, tango og swing den 10. og 11. april. Kurset arrangeres på Bokn skule og begynner fredag den 10. april kl. 17.30 og varer fram til ca. kl. 22.00.

Kurset fortsetter på lørdagen med oppstart ca. kl. 9.30.

Alle medlemmer er hjertelig velkommen, og idrettslaget håper at både barn, ungdom og voksne møter fram til morsomme dansetimer.

(Nedre aldersgrense er 10 år).

Kursavgift er kr. 50,-.

Ikke-medlemmer som ønsker å deløta på kurset kan tegne seg som medlemmer ved frammøte.

La det swinge, la det rock'n roll!

## FOTPЛЕIE

Det vert fotpleie onsdag den 8. april.

Påmelding til sosialkontoret som vanleg, tlf. 74 85 32.

## KULTURMIDLAR

### 1987

Alle lag, foreningar og enkeltpersonar som driv med kulturaktivitetar i Bokn kan søkja om tilskott for 1987.

Søknadsskjema får ein på sosialkontoret.

SØKNADSFRIST: 10. april 1987.

Bokn kulturstyre

## UTSTILLING AV KUNSTHANDVERK

Fredag 3., laurdag 4. og søndag den 5. april vil Bokn Vevstove i samarbeid med kulturstyret ha ei vandréutstilling i brukskunst på besøk. Utstillinga skal stå i diskoteklokalet på Kyrkjebrygd skule, og er i regi av Norske Kunsthåndverkere Rogaland. 11 kunsthandverkarar er representerte med arbeid. Sjå oppslag om åpningstider.

## SKYTTARLAGET

Skyttariaget har nå aktivisert seg att etter ei tids pause. Aktiviteten foregår i diskoteket sine lokale i den gamle Kyrkjebrygd skule frå kl. 19.00 om fredagskveldane.